

Lensmann Anders Larsson Vikeså og dottera Siri

av
Per Spødervold

Den 8. august 2005 var det 150 år sidan lensmann Anders Larson Vikeså drukna då han skulle gå over elva ved Brådli. Han var i si tid skulda for å ha tukla med rekneskapa, så det var eit heller blanda ettermæle han fekk. Det går fleire historier etter både han, og dottera Siri. Her er et stykke som eg hadde i Dalane Tidende den dagen.

Anders var 30 år då han vart vald som lensmann i 1832. Noko av grunnen til at han vart vald, var kanskje at farmor hans var av den gamle lensmannsætta på Svela. Morfaren var bror av den vidt kjendte Tron Lauperak (1727-1804).

I 1836 bygde han det store lensmannshuset som stod på garden til Klaus Vikeså, til det vart rive for omlag 30 år sidan. Noko av tømmeret kom frå Sirdal, og vart kjørt over heia til Ørsdalen. Derfrå vart det fløyta ut vatnet og kjørt opp til Vikeså. Resten av tømmeret kom frå Malmeiskogen. Anders bad saman dugnadsfolk for å kjøra det til Vikeså. Han baud på brennevin og sa: "Nå skal me sjå kven som har den sterkaste hesten". Dermed leste alle det dei trudde hesten kunne dra, og arbeidet gjekk fort unna.

Anders var ikkje alltid grei å ha som nabo. Ei gong sende han gjetarguten til Skjæveland med geitene, slik at dei kunne eta i åkrane der. Det vart og sagt at lensmannen hadde flytta skiftesteinen mellom Vikeså og Skjæveland.

Gjekk gjennom isen?

Etterkvart fekk Anders og ord på seg for å vera uærleg, og at han førte falske rekneskap slik at han kunne stikka pengar i si eiga lomme. Vinteren 1838 skulle han i forhøyr for dette. Då han kom fram var både hesten og sleden gjennomvåte og stivfrosne. Han sa at han hadde kjørt igjennom isen og diverre mista rekneskapsprotokollane. Då kunne ikkje noko bevisast, og han fekk halda fram som lensmann. Men nokre meinte han hadde brent reknskapa og så hadde han hogge hol i isen og skvetta vatn på hesten og sleden for å ha ei historie om kvifor han ikkje hadde reknskapa med seg.

«...skulle lete etter sine protokoller»

Konsul Puntervold i Egersund, hadde kjøpt masse tømmer til skipsbygging i Malmeisskogen. Sommaren 1855 heldt dei på å fløyta dette ned Bjerkreimselva. Det var eit vanskeleg arbeid og ein god del av tømmeret forsvann og vart teke av oppsitjarane langs elva.

Den 8 august skulle så lensmann Anders Vikeså på vitjing til søster si Anna, på Hegelstad. Ved Brådli ville han gå over elva på steinar og tømmerstokkane, for det var ingen bru i den tida. Han var litt skjenkt og ville ikkje høyra på dei som sa at stokkane var glatte. Midt utpå glei han, og datt i elva mellom to stokkar. Dei prøvde å få tak i han med ei rive, men klarte det ikkje, og han drukna og rek i land lenger nede ved Spødervold. Då konsul Puntervold hørde kva ende han fekk, sa han tørt: "*Han skulle vel ned for at lete efter sine protokoller*".

Vaska seg i mjølk

Anders hadde ei dotter, den vene Siri. Ho var lensmannsdotter og kjendte seg for god til å ha lag med dei andre bondejentene, så ho heldt lag med storfolka i byen og gjekk på ball og dans der. Når ho gjekk i kyrkja var ho kledd som ei bydame og sat i lag med prestefolket. Det er fortalt at Siri pussa tennene i kaffigrut eller i kol frå svartsteikte brød, for då skulle tennene bli så blanke. Og ho vaska seg i mjølk. Men dette tykte folk var fælt, for maten var heilag og skulle ikkje brukast til slikt.

Det kom mange friarar til henne, ein av dei var son til stortingsmann Ole Gabriel Ueland. Ho var forlova med han ei tid, men ho slo opp med han for ho tykte det var for mykje bondeham over han. Ein dag kom ein engelsk lord som heitte John Hazeland, på laksefiske til Egersund. Han vart kjendt med Siri og dette var midt i blinken for henne. Dei gifta seg og fekk garden.

Jakta på sauer

Men denne engelskmannen kunne ikkje driva gard. I staden for å samla heim sauene, gjekk han på jakt og skaut dei. Etter eit år eller to hadde dei øydt opp alt dei åtte og måtte gå frå garden. Dei flytte til Oslo der han fekk arbeid i eit departement og ho vaskehjelp på Stortinget.

I Oslo bur enno folk med etternamnet Hazeland som er deira etterkomarar. Klaus Vikeså som nå eig (2005) den tidlegare lensmannsgarden er tippoldebarn til lensmann Anders si søster Anna som han skulle vitja då han drukna.

Bård Vassbø fortalte

Bestemor hans, Berthe Kleppali (1856-1942) fortalte dette om Siri Hazeland: Då ho fekk bod om at faren var drukna, var ho i selskap på Fotland i Eigersund. Senere ble det diktet at ho da skulle ha sagt:

*Min jomfru lav, jeg må forlade,
Erbødig takk for mat og sjenk.
Thi min gode hulde fader
ligger død på loijans benk.*

«*loijans benk*» var ei lege av bjørkekvistar dei la dei døde på.

Bård fortalte og at bjerkreimbuane kalla lord John Hazeland for ein «*Engelsk Lort*», då han ikkje klarte styra garden.

Bilder



Erik & Kerstin Larsson



Siri Hazeland, dotter til
lensmann Anders Larsson

Lensmann Anders Larsson er det ikkje noko fotografi av sidan han drukna i 1855, altså før fotografiet vart vanlig. Men det fins bilete av broren Erik og hans kone. Me får tru at Anders kanskje likna på bror sin.



Dette huset bygde Anders Larsson etter at han vart lensmann i 1832.



Her ser me Lensmannshuset i 1902



Vikeså og Lensmannshuset i 1905.

Stoffet til stykke er henta frå;
«Bjerkreim» av S. Austrumdal,
«Gamalt frå Bjerkreim» av Jørgen Skjæveland
og «Bjerkreimboka» av Lisabet Risa.

Aaland Gård, november 2013
Paul Tengesdal